


# ETNE SKULEKORPS BLES LIV I LOKALMILJØET

*Etne Skulekorps fekk 100.000,- av Spirafondet*

**ETNE SKULEKORPS BESTÅR AV 30 MUSIKANTAR I ALDEREN 6 TIL 19 ÅR SOM BLES I DET MESTE.** Kjetil Hjorth Lillegraven er dirigenten som starta i korps då han var 8 år, og sidan har han vore der. At han flytta til Etne høyrer me mange gode tonar om. Ei aktiv kjernegruppe av foreldre er også svært viktige. I Etne skulekorps har me ingen innbytterar seier Kjetil. Her kan alle delta på sitt nivå på tvers av alder. Dei eldste er svært flinke til å passa på dei minste. Her er det ingen konkurranse og alle er viktige. Til hausten vil me gjerne ha fleire med oss, seier leiar i korpset Grete Thorolvsen.

Ikkje alltid det høyrest fint ut den første tida frå ein aspirant, men dei som får støtte heime blir både flinkare og spelar lengre, seier Kjetil. Spelande born gir stolte born, legg Grete til.

## SPIRAFONDET BIDRAR MED KR 100.000,-

Ein brukbar kornett kostar fort 8–15.000, og ein ny tuba 40-50.000. Pengane frå Spirafondet og Etne Sparebank kjem ekstremt godt med seier Kjetil. Det blir nye instrumenter og vedlikehald av uniformar. Me deltek på 17. mai, julafta i kyrkja, julegrantenning og mange andre tilstelningar. Då må jo korpset både høyrast og sjå bra ut, legg han til. Me tek gjerne imot fleire gåver frå ulike hold, smiler dei begge.

Spirafondet og Etne Sparebank er opptekne av gode tonar i heile distriktet. Me takkar for innsatsen og seier vel blåst.

*Velkommen til oss som kunde.*




ETNE SPAREBANK

*- med heile vegen*

vinnarskalle.no